

TELEMARK BILRUTER AS
Postboks 34
3835 SELJORD

Dato: 12.02.2018
Vår ref.: 2017/14828-12
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for strekninga Bergen - Haukeli - Oslo - melding om prosessuelt vedtak og vidare saksgong

Vi viser til dykkar brev av 10.08.17, der de på vegne av dykk sjølve og Tide Buss AS søker om ruteløyve for strekninga Bergen – Haukeli – Oslo.

Fylkesutvalet gjorde i møte 01.02.18 følgjande vedtak i saka:

Saka vert utsett, og fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til dialog slik det er invitert til i brev frå Tide/Telemark Bilruter.

Dette er eit prosessuelt vedtak etter forvaltningslova § 1 a) (ikkje eit *einskildvedtak*), som er utan materielt innhald. Vedtaket kan difor ikkje påklagast, jf forvaltningslova § 28 1. ledd.

Som følge av vedtaket vil fylkesrådmannen be Skyss om å ta initiativ til dialog i høve saka. Når denne har funne stad vil fylkesrådmannen førebu ny sak for fylkesutvalet.

Vi legg til grunn at de som representant for Tide Buss AS held dei orientert om saksgongen.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.